



Medlem og varamedlem i Eidfjord fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-38
Journalpostid: 22/12550

Saksh: Heidi Herstad Prestegård
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 10.11.2022

Møtebok 08.11.22

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

Tid: kl. 10.00 – 11.15.

Til stades: Marete Sæbø, Frode Eriksen, Bjørg Hop (vara for Johanna Håbrekke), Harald Næss, Sigrid Bu, Magnar Røise og Ole-Johnny Odland.

Frå administrasjonen møtte: Heidi Herstad Prestegård og Karin Flatabø Thrane.

Til å skriva under møtebok: Marete Sæbø og Harald Næss.

Sak 78

Møtebok frå 04.10.22 vart gjennomgått og samrøystes vedteken.

Sak 79

Soknerådsleiar Kari Tveit Hovland møtte til handsaming av saka. Ho noterte seg fylgjande attendemeldingar frå fellesrådet til soknerådet:

- Manglande vatning øvst på gamle kyrkjegarden.
- Betra grasklypping og stell på kyrkjegardane, særleg i forkant av høgtider.

Soknerådsleiar kunne elles informera om pågåande og komande aktivitetar i kyrkja, samt at oppstart av arbeid vedkomande prosjekt minnelund vert våren 2023.

Sak 80

Helse- og omsorgsleiar Karin Flatabø Thrane møtte til handsaming av saka. Ho orienterte fellesrådet om status for prosjekt sansehage ved Eidfjord bygdaheim. Smedsvig Landskapsarkitekter AS har blitt bedne om å teikna inn fylgjande i sitt nye planframlegg til sansehageprosjektet: ein hekk langs parkeringsplass for skjerming, flytta på planter frå parkering til sti, solcellebelysing langs sti, fleire frukttre og bed (også eit rullestolvenleg bed), sitjebenkar og hagegynga langs sti, allbruksbygg for 5/6 personar, og eit aktivitetsapparat for born. Smedsvig er også bedne om å koma



med framlegg til aktivitetar i sansehagen som hovudsakeleg appellerer til menn, samt løysingar for å skjerna innsyn mellom frisør og bebuarrom.

Fellesrådet vil få revidert planframlegg for prosjekt sansehage når det er ferdig.

Helse- og omsorsleiar orienterte også fellesrådet om fylgjande:

- Prosjekt «Leve hele livet» - det er søkt om midlar til m.a. IKT-opplæring også for 2023.
- Prosjekt «Heiltidskultur» - turnus og arbeidstid for tilsette i pleie og omsorg.
- Hjelpepersonell på legekantoret – det er no 2 stk. heiltidsstillingar, og det vert jobba for å få inn ekstra stilling.
- Utrykkingssertifikat for fastlegane i Eidfjord kommune er lagt fram for komande budsjettår. Innspel frå fellesrådet om å også nytta personell frå brannvesenet med utrykkingssertifikat ved behov, då nokre av desse jobbar på kommunehuset.
- Framlegg til temaplanen «Leve hele livet 2023-2025» skal handsamast i formannskapet 23. november. Eventuelle innspel til planen frå fellesrådet må leverast Karin innan torsdag 10. november.

Sak 81

Framheva behov for sansehageprosjektet ved bygdaheimen i budsjettframlegg. Budsjettet for 2023 skal handsamast i kommunestyret 12. desember.

Sak 82

- Fleire trimapparat utanfor bygdaheimen – hugs søknadsfristen til Sparebankstiftinga Hardanger som er i februar 2023.

- Melde frå til fysioterapiavdelinga om å lage manual kring bruk av trimapparata som kan henga ute heile året.

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Heidi Herstad Prestegård
Sakshandsamar

Kopi til:
Karin Flatabø Thrane

Kopi til arkiv og kopibok

